



Historie



Studiet vil gi deg eit historisk perspektiv på det mangfaldige notidssamfunnet vårt, lokalt, regionalt, nasjonalt og globalt. Du får kompetanse til å forstå samanhengar og utvikling over tid, og byggje opp ei reflektert haldning til eiga samtid. Historieudanninga kvalifiserer for ulike yrke innanfor formidling, kultur og internasjonalt arbeid.

Studieinnhald

Som student ved Bachelor i historie skal du opparbeide kunnskapar om norsk og internasjonal oversynshistorie frå om lag år 300 og fram til i dag. I tillegg kan du velje å fordjupe deg i blant anna globalhistorie, norsk kysthistorie, identitetar, nasjonar og regionar i Spania og lokalhistorie.

Internasjonalisering

Som student ved bachelor i Historie kan du ta eit eller to semester i utlandet. Vi tilrår blant anna våre samarbeidsinstitusjonar i Australia, Irland, Tyskland og USA.

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Undervisninga i historie er organisert som forelesingar og seminar, og nokre av emna på fordjupingsnivået har nettbasert undervisning. Første studieåret vil du få vere med på ein studietur til Roma over fem dagar, med innlagt undervisning. Les om vurderingsordningar og eksamen i studie- og emneplanane.

Aktuelle yrke og vidare studium

Bachelorgraden kvalifiserer for ulike yrke innanfor formidling, kultur og internasjonalt arbeid. Yrkesgrupper som lærarar, journalistar og kulturarbeidarar hentar viktig kompetanse gjennom studium i historie. Studiet kvalifiserer for opptak til Master i kulturmøte og Master i skriftkulturar ved Høgskulen i Volda, og andre relevante mastergradsstudium ved norske høgskular og universitet.

Studiepoeng / lengd: 180 / 6 semester (3 år)

Opptakskrav: Generell studiekompetanse.

Søknadsfrist: 15. april i Samordna opptak

Studiestart: Haust

Kontaktperson: For spørsmål om opptak Studentsørvis 70 07 50 18 studentsorvis@hivolda.no